

RETTELEIING TIL SØKNAD OM OPPRETNING/ ENDRING AV GRUNNEIGEDOM/REKVISISJON AV OPPMÅLINGSFORRETNINGTil punkt 3

3a. Oppmålingsforretninga blir gjennomført utan opphald. Kommunen har ein frist på 16 veker for å ferdigstille saka etter at klagefristen på løyve er ute (fristen blir utvida dersom saka kjem inn under vinterforskrifta, MI § 18,3).

3b. Søkjar vel å utsetje oppmåling og matrikkelføring i inntil 3 år. Søkjar må rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år er gått. Etter 3 år frå godkjenning fell løyve etter plan og bygningslova bort. Punkt 3d i søknadsskjema skal nyttast ved søknad om oppmålingsforretning etter utsetjing .

3c. Må søkjast om dersom rekvirent av særlege årsaker ynskjer å få tinglyst nytt bruksnummer, men vil utsette oppmålingsforretning og merking i marka. Utsetjingsfrist er inntil 2 år. Søknaden om utsetjing skal vere grunngeven og vere vedlagt eit kart som viser ei fullstendig oversikt over alle grenser for eininga på ein tilstrekkeleg nøyaktig og tydeleg måte. Kommunen er ansvarleg for iverksetjing av oppmålingsforretninga innan fristen er gått ut. Dersom prosjektgjennomføring tek lenger tid kan kommunen innvilge ny søknad om lengre utsetjing (maks 3 år til, totalt 5 år).

Til punkt 6,7 og 8

Dokumentasjon/avtaler på nødvendige rettar som gjeld veg, vatn og avlaup skal leggjast ved søknaden.

Rettar som skal tinglysast må skildrast nøyaktig i tekstleg form. Dersom retten er knytt til ein fysisk del av eigedomen må den skisserast inn på eit kart .

På www.kartverket.no finn ein informasjon om tinglysing av rettar. Kartverket har utarbeidd skjemaet Erklæring om rett i fast eigedom som kan nyttast for å sikre at all naudsynt informasjon er tatt med (evt. ta kontakt med kommunen for rettleiing).

Til punkt 9

Dersom det er tinglyste/ikkje tinglyste bruksrettar og servituttar på arealet som er søkt om, må dette opplysast om i søknaden.

Til punkt 12

Det må gå fram av søknaden om det er heimelshavar (tinglyst eigar) som søker eller om det søkjast på anna lovgrunnlag (matrikellova § 9). Dersom søker ikkje er heimelshavar, må heimelen spesifiserast av ledd og bokstav (MI §9 1.ledd b-h eller 2. ledd a-b) . Sjå MI § 9 under.

§ 9. Kven som kan krevje matrikkelføring av ny matrikkeleining o.a

Matrikulering av ny grunneigedom, anleggseigedom eller festegrund kan krevjast av:

- a) den som har grunnboksheimel som eigar av grunneigedom, anleggseigedom eller registrert jordsameige som den nye eininga blir delt frå eller oppretta på,*
- b) den som ved rettskraftig avgjerd ved domstolane er kjent som eigar eller festar, eller er tilkjent rett til å krevje at eit bestemt grunnstykke eller anlegg blir oppretta som eiga matrikkeleining,*
- c) den som lovleg har overteke grunn eller anlegg ved ekspropriasjon,*
- d) den som lovleg har etablert, eller fått løyve til å etablere, fast anlegg på eigarlaus sjøgrunn eller i eigarlaus undergrunn,*
- e) den som med heimel i lov utøver eigarrådvelde over grunnen når ingen har grunnboksheimel til denne,*
- f) staten, fylkeskommunen eller kommunen når grunnen er tileigna til offentleg veg- eller jernbaneformål,*
- g) staten eller kommunen dersom forretninga gjeld frådeling av heile teigar, eller når eininga blir delt av kommunegrense, eller*
- h) den som har innløyst festegrund etter føresegnene i lov om tomtefeste.*

Matrikulering av umatrikulert grunneigedom eller festegrund kan også krevjast av:

- a) nokon som har gjort det sannsynleg at dei eig, fester eller har del i grunneigedom eller festegrund, eller*
- b) staten, fylkeskommune eller kommune.*

Matrikulering av nytt jordsameige kan krevjast av dei som har grunnboksheimel som eigarar av grunneigedommane som skipar sameiget, saman med den som har grunnboksheimel som eigar av grunneigedommen som den nye eininga blir delt frå eller oppretta på.
